

MØTEPROTOKOLL STRAND KYRKJELEG FELLESTRÅD **03.06.2020 kl 1800-2000 i Jørpeland kyrkje**

Deltok: Eirik Stople (leiar), Tor Jan Aarstad, Kristoffer Amdal, Inger Lise Alfarnes, Eli Nesvåg, Sigrid Sigmundstad og Trond Hjorteland (sekretær).

21/20 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT OG SAKLISTE

Vedtak:

Innkalling, referat og sakliste vert godkjent.

22/20 REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING FOR 2019

Vedtak:

Strand kyrkjeleg fellestråd godkjenner revisjonsberetninga og rekneskapen for 2019 med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 58 565. Mindreforbruket i driftsrekneskapen blir disponert slik:

- kr 58 565 blir sett inn på disposisjonsfond.

23/20 REKNESKAP PER 30. APRIL 2020

Vedtak:

Strand kyrkjeleg fellestråd tar rekneskapsrapporten til orientering.

24/20 BUDSJETTINNSPEL 2021

Vedtak:

Strand kyrkjeleg fellestråd ønskjer å be om følgjande midlar i samband med Strand kommune si revidering av 2020-budsjettet og budsjettbehandling for 2021:

Innspel revidering av 2020-budsjettet:

Investering:

1) Oppjustering av ramme for infrastruktur i Tau sentrum frå kr 4 mill til kr 7,3 mill (jf. kommunestyrevedtak i sak 43/19). Dette gjeld naudsynt infrastruktur (veg, vatn, avlaup, straum etc.) til Tau kyrkje. Strand kyrkjelege fellestråd ber Strand kommune om å vera fakturamottakar for kostnadene ved utbyggingsavtalen.


2) Nye vindauge Jørpeland kyrkje (Ikkje prissett per 13.05.2020. Kan vurderast som eit tiltak som passar inn i pakken med motkonjunkturtiltak i samband med koronapandemien. Kan gjennomførast i samband med renovering av taket på Jørpeland kyrkje sommaren/hausten 2020).

Innspel 2021-budsjettet:

Drift:

Diakon-stilling 25 % (Kr 250 000)

Strand kyrkjeleg fellestråd har fått tilsagn på 25 % stillingsressurs i ferske diakonmidlar frå Stavanger bispedømme, og me har inngått eit samarbeid med Forsand sokn som stiller med 30 % stillingsressurs for å kunna løysa ut stillingsressursen frå bispedømmerådet. Dersom Strand kommune stiller med 25 % vil me kunna tilby ein fast stilling på 80 % som ungdomsdiakon, delvis med base på Strand vgs og Tau ungdomsskule, som har takka ja til samarbeid.



DEN NORSKE KYRKJA Strand kyrkjeleg fellelsråd

Mange unge fell utanfor i dagens samfunn, også i Strand, og ein diakon vil vera ein medvandrar og samtalepartnar som bidrar til livsmestring for ungdommane. Arbeidet vil vera basert på den anerkjente 13-20-modellen som er utvikla i Bærum (www.13-20.no). Der er det også konstaterert at eit årsverk som diakon, utløyser 3 årsverk med frivillig innsats.

For budsjett-året 2021 og økonomiplan-perioden 2021-2024 ber Strand kyrkjelege fellelsråd om at følgjande tiltak blir vurderte:

- 1) Utbetring av steingard ved Strand kyrkjegard, mot aust og vest – kr 600 000. (Kan vurderast som eit tiltak som passar inn i pakken med motkonjunkturtiltak i samband med koronapandemien).*
- 2) Midlar til nytt torg, Tau sentrum (kommunalt prosjekt) – førebels sett av kr 0,5 mill i 2020 og kr 2 mill i 2021 i Strand kommune sin økonomiplan. Viktig å sjå torget i samanheng med Tau kyrkje for å få ein heilskap og gjennomtenkte løysingar i Tau sentrum. Torg bør ferdigstillast samstundes med Tau kyrkje som står ferdig 31. juli 2021.*
- 3) Midlar til flaumsikring, Tau sentrum (kommunalt prosjekt) – førebels sett av kr 1 mill i 2020 i Strand kommune sin økonomiplan. Flaumprosjektet bør samordnast med torgprosjektet, med tanke på eventuell utnytting av vannressursen (bekken) og vannspeil på torget, jf. skisse sendt til Strand kommune av landskapsarkitekt Randi Thomsen.*

Det er naturleg at kr 1 million som er sett av til årlege investeringar for Strand kyrkjelege fellelsråd i gjeldande økonomiplan for Strand kommune, kan takast inn som del av finansieringa av tiltaka.

25/20 STATUS NY KYRKJE PÅ TAU

Vedtak:

- Strand kyrkjelege fellelsråd tar statusrapporten til orientering.
- Strand kyrkjelege fellelsråd sender følgjande tilbakemelding til Strand kommune vedr. utbyggingsavtale om infrastruktur:

«Kommunestyret sak 43/19 vedtak:

1. Kommunen dekker tomteknadener
 2. Kommunen dekker kostnadene til infrastruktur på kr 4.0 millioner
 3. Kommunen dekke kostnadene til peling på kr 4.3 millioner
- Kostnadene dekkes fra disposisjonsfondet


Dette vedtaket viser at kommunen skal dekke kostnadene til infrastruktur. Da dette vedtaket ble gjort var kostnadene beregnet til 4 millioner. Kommunen har påtatt seg å dekke kostnadene for infrastruktur og må da også ta tilleggskostnadene, infrastrukturutbyggingen ligger utenfor KFRs oppgave og skal i sin helhet dekkes av Strand kommune.

Strand kirkelige fellelsråd anmoder Strand kommune om å være fakturamottaker for kostnadene ved utbyggingsavtalen».

26/20 REPARASJON TAK JØRPELAND KYRKJE

Vedtak:

- Strand kyrkjelege fellelsråd tar rapporten til orientering.
- Eventuell restsum frå prosjektet blir nytta til utskifting av vindauge i kyrkja.



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

27/20 HMS-RAPPORTERING (Unnt. Offentl)

Vedtak:

- Strand kyrkjeleg fellesråd tar avviksrapporten og oppsummeringa frå medarbeidersamtalane til orientering.
- Strand kyrkjelege fellesråd behandla sak vedr. arbeidsmiljø.

28/20 STATUS TILTAK I SAMBAND MED KORONAPANDEMIEN

Vedtak:

- Strand kyrkjeleg fellesråd vedtar beredskapsplan for pandemi og tar rapporten om koronatiltaka til orientering.

29/20 EVENTUELT OG ORIENTERINGAR

- Stabstur - utsetting
- Ferie – opningstider på kontoret
- Sommaravslutning 16. juni
- Arbeidsmiljøundersøking hausten 2020
- Sommaropne kyrkjer

Jørpeland 4. juni 2020

Eirik Stople
leiar

Trond Hjorteland
kyrkjevevte